



Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Retningsliner 2016 –«Støtte til Drift med taubane, hest o.a. og skogsvegbygging»

Vedlagt er nye retningsliner fastsette 18.03.2016 av Fylkesmannen med heimel i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket". Retningslinene er gjort gjeldande gjeldande frå 1. april 2016.

Merknader til høyringsrunden

Det har ikkje kome inn vesentlege merknader på forslag til reviderte retningsliner for 2016 som blei sendt ut med frist for tilbakemelding 3. februar 2016.

Nytt frå 2016:

1. Det er innarbeidd eit varsel om at alle kommunar som ikkje er ferdig med hovudplan for skogsvegar innan 2016, vil stå i fare for å ikkje få tildelt tilskot til skogsvegar frå og med 2017.
2. Tilskotsatsen for gran harmoniserast mest mogleg med resten av vestlandsfylka, dvs. at for banelengde over 150 meter blir tilskotssatsen 90 kr/m³. Halvering av alle tilskotssatsane under 150 meter i banelengde vidareførast uendra.

Elles vidareførast retningslinene frå 2015 til 2016 utan andre endringar enn desse 2 punkta.

Vi minner elles om følgjande:

- Alle drifter skal førehandsgodkjennast av Fylkesmannen. Kommunen førebur saka, dvs. vurderer den planlagde hogsten ut frå omsyn nemnt i retningslinene og sender vurderingane m.m. over til Fylkesmannen for vedtak.
- Granskogen må vere hogstmoden. Dette går fram av tabell med lågaste totalalder for dei ulike bonitetane.
- For lekterhogst i kombinasjon med bruk av spesialutstyr (eks. Highlander) skal miljømessige konsekvensar med tanke på kjøreskadar og erosjon vurderast særskilt og gå

fram av dokumenta som sendast over til Fylkesmannen i samband med førehandsgodkjenninga.

- Foryngingstiltak skal vere avklart med skogeigar på førehand i samband med førehandsgodkjenninga. Det er vidare presisert at areal (frå AR5) med høg bonitet eller betre skal foryngast med planting.
- Tilskotet kan berre utbetalast direkte til skogeigar.
- Miljødokumentasjon og med utskjekk av eventuelle miljømessige konsekvensar skal gå tydeleg fram i alle taubanedrifter i samband med førehandsgodkjenninga.

Med helsing

Morten Svanes
seniorrådgjevar

Stein Bomo
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Stein Bomo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland skognæringsforum v/Olaf Gjedrem	Postboks 24	4368	VARHAUG
Vestskog SA		5736	GRANVIN
Norskog	Postboks 123, Lilleaker	0216	OSLO
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum,	3701	SKIEN